



forum for  
natur og friluftsliv

Aaland arkitektkontor  
[post@aalark.no](mailto:post@aalark.no)

Leikanger 15.01.2015

kopi:  
Stryn kommune  
[postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)

## Høyringsfråsegn til områderegeringsplan for SleipnerHoven i Loen, Stryn frå Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet.

**FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftinteressene i aktuelle saker. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.**

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Loe, Stryn kommune ligg i Indre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå <https://indrenordfjord.turistforeningen.no/>

### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

*FNF vil i samarbeid med Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane kome med følgjande innspel til planprogram for regulering i SleipnerHoven i Loen, Stryn kommune:*

### **3. Føremålet med planarbeidet og avgrensing av planområdet**

*Gjere området på fjellet tilgjengeleg for allmenta og turistar, samt å skape tilleggsaktivitetar i nærområdet.*

Det bør utgreiast i kva grad desse aktivitetane vil verte nye supplement i Stryn kommune/Loen utanom dei ein allereie kan nå no i Stryn kommune og om der er trong for sauکا kapasitet på desse. Vil dei om dei overlappar/utfyll andre aktivitetsbedrifter i kommunen eventuelt konkurrera med eksisterande verksemdar innanfor tilnærma same aktivitet?

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

Det bør utgreiast og planleggast for eventuelt realisering av kun første fase i prosjektet og ein mindre utbygging av andre fase, der arealet i høgfjellet avgrensast meir mot nord og eksisterande turrute.

#### **4. Tema som skal drøftast i planprosessen:**

##### **4.1 Landskap og estetikk**

Det bør utgreiast korleis ein gondolbanen vil påverke landskaps- og naturopplevinga frå ulike punkt i Via Ferrata Loen, langs ulike punkt langsmed stien attende til Oppheim og frå andre berørte friluftsområde. Likeeins må ein utrede kva ein slik bane vil gje av ulemper for buande i området. Kva utforming og fargeval i utforming av anlegget vil gje minst brudd i opplevinga av landskapsrommet og naturen i Loen.

Her kjem det fram at ein vil nytta

##### **4.2 Naturmangfald:**

Vi har ikkje hatt tid til å sjekke alle kilder om der er gode registreringar på dyreliv, fugl og flaggermus i planområdet.

Fugl, det bør gjerast registrering i vårsesongen på tema fugl og kva påverknad ein gondolbane kan utgjere for artane sitt leveområde, dersom slik kunnskap er mangelfull.

Flaggermus, det bør gjerast registrering i vårsesongen på tema flaggermus og kva påverknad ein gondolbane kan utgjere for artane sitt leveområde, dersom slik kunnskap er mangelfull.

Det må settast av tid til å gjere eventuelle nye undersøkingar og registreringar til rett tid og tidsramma for planarbeidet justerast etter dette. Ferdigstilling av KU i mai vil då ikkje gje tid for slikt arbeid og bør settast noko ut i tid. I høve registreringar i fjellet er der knapt snøbart i mai. Ein må difor sette av meit tid til perioden for KU.

Støy, det bør utgreiast om det vert støy frå kabel under spesielle omstende som t.d. sterk vind? Og kva påverknad denne evt vil utgjere for dyre-, fugleliv og fastbuande.

##### **4.3 Friluftsliv:**

Er det spesielle verdiar for friluftslivet i det området der turruta går innom planområdet, som t.d. naturlege rasteplassar, badeplassar etc?

Omlegging av turruta Loen - Lofjellet - Staurinibba - Skredfjellet – Oppheim

- om ikkje planområdet på toppen frå Hoven og vidare innover opp mellom Skredfjellet og Staurinibba vert endra til å ligga utanom turruta. Ein del av turruta ligg no innanfor reg.planområdet.

##### **Avbøtande tiltak:**

Turruta Loenfjellet-Skredfjellet-Oppheim ligg innanfor deler av planområdet.

Omlegging av turruta inkl. merking og endring i kartbaser om den vert avbrutt og hindra i planområdet og i eit evt seinare utbyggingsområde.

Gang- og sykkelveg på strekninga Oppheim/Rake – Loen

Med venleg helsing

Naturvernforbundet  
v/ Marit Vøien Nes, leiar



Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet  
v/ Ron Overdevest, leiar

Sogn og Fjordane Turlag



Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dähle, koordinator